



Børnes er prega av sambruk. I åra som kjem blir det truleg sterk auke i utskipinga av tømmer

**Hordaland har 20 tømmerkaiar og dei er heilt avgjerande for å sikra avsetnad på tømmeret i fylket. I Kvinnherad er den skogeiareigde Børnes kai i Uskedalen ikkje minst viktig. No ynskjer Vestskog å samla kaiane i eit drifts- og eigedomsselskap for mellom anna å sikra profesjonell drift og meiner Vestskog Investeringsselskap kan nyttast til dette. Det er venta ein stor auke i utskipingskvantumet framover.**



[Leiar av Vestskog Kjetil Andre Rødland](#)

Dagleg leiar i Vestskog Kjetil Andre Rødland opplyste dette under skogakvelden i Bringedalsbygda ikveld som kommunen og Søre Kvinnherad Skogeigarlagheldt for 20. gong.

Det er 20 tømmerkaiar i fylket og i Kvinnherad er Børnes den klårt største. Kvantumet som går over denne varierar sterkt, frå 0 til 15 000 kubikkmeter, men leiar i skogeigarlaget Ragnvald Våge meiner ein bør vera førebudd på kvanta på mellom 15 000 og 30 000 kubikkmeter om 10 år.

Skogeigarane har kaia saman med kommunen, og det er lagt framforuroligande rapportar om tilstanden for kommunen sin del. Men Våge forsikrar at skogeigarane sin del er i langt betre tilstand fordi den er bygd seinare og er meir robust.

Uansett konstaterar Rødland at fleire av kaiane i fylket har behov for oppgradering samstundes som nokre kanskje bør fasast ut og nokre bør byggjast nye.

Han antyder eit investeringsbehov på mellom 20 og 50 millionar. Og det er grunn til å tru at det offentlege ikkje vil bidra til å dekkja dette.

Av 250 000 kubikkmeter som vert avvirka vert 200 000 i dag frakta med båt og det vil vera 10 gonger dyrare å satsa på biltransport med dei følgjer det vil fåfor tømmerprisen. For avstander over 3-5 mil bør det satsast på båt-transport.

Vestskog meiner at eit felles kaiselskap millom anna vil sikra ei meir profesjonell drift og få større næringspolitisk tyngde. - Vi kjem med dette forslaget for å redusera transportkostnadane, ikkje for å tena pengar, presiserte Vestskogsjefen.

Riktignok er kaileiga i dag ei viktig inntektskjelde, men det blir mindre arbeid og ansvar for skogeigarlaga og det blir mogelegheit for aksjeutbytte. Det vert også mogeleg for andre tømmeraktørar å gå inn i selskapet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen